



Velkomstsamtale – nye minoritetsspråklege barn

Når nye minoritetsspråklege familiar kjem til Sykkylven, skal det snarast gjennomførast ein velkomstsamtale når det er klart kva for ein barnehage barnet skal gå i. Barnehagen må på førehand vite kva språk familien snakkar. Styraren har ansvar for å kalle inn til samtalen.

Deltakarar på velkomstsamtalen er:

- Det nye barnet
- Foreldre/føresette
- Styrar og avdelingsleiar
- Flyktningkontor og ev. helsejukepleiar ved flyktningkontoret (dersom det gjeld flyktningbarn)
- Tolk (anten oppmøte eller telefon)

Innhald i møtet:

- Presentasjon, kven er kven
- Informasjon om barnehagegang i Norge: Barnehagen si rolle, foreldra si rolle, barnehagerute, opningstider, praktisk informasjon om bekledning, reglar ved sjukdom etc. Styrar/avdelingsleiar printar ut og tek med all tilgjengeleg informasjon som er omsett til det aktuelle språket.
- Informasjon om barnehagen sitt arbeid med minoritetsspråklege barn, tilrettelegging og oppfølging av språkleg, sosial, motorisk og kognitiv utvikling
- Foreldra orienterer kort om barnet (interesser, behov, artikulasjon og språkleg nivå, sosialt samspele, sjølvstende, motorikk, konsentrasjon o.l.)
- Utfylling av aktuelle samtykke-, opplysnings- og informasjonsskjema. Klargjere eventuelle medisinbehov, allergiar o.l.
- Omvisning i barnehagen (inne/ute)

Evalueringssamtale

Innan 3 månadar etter at barnet starta i barnehagen skal det haldast ein evalueringssamtale mellom foreldre/føresette, styrar/avdelingsleiar, tolk og eventuelt flyktningkontor/helse-sjukepleiar. Kva har gått bra? Kva har gått mindre bra? Kva ekstra tiltak bør eventuelt setjast inn?

Barnehagen skal skrive referat frå dette møtet. Lagrast i barnet si mappe.